



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
035/05	Formannskapet	28.04.05

## Uttale til "Forslag om endringer i alkohollovens forskrifter m.v."

Saksdokument vedlagt:  
 Forslag til forskriftsendringer.

Saksdokument ikkje vedlagt:  
 Forslag om endringer i alkohollovens forskrifter m.v. Arbeids- og sosialdepartementet, høringsnotat pr. 1.mars 2005.

### Saksutgreiing:

Saka går til endeleg avgjerd i formannskapet  
 Høringsfristen er sett til 1.mai 2005. Dette betyr at høringsfristen er kortare enn den alminnelege høringsfristen på tre månader. Datoen er valt for å gjere ikrafttreden mogeleg 1.juli 2005. Det blir teke sikte på felles ikrafttreden av dei nyleg vedtekne endringane i alkohollova og forskriftsendringane.  
 Konsekvensen er at saka blir lagt fram for formannskapet – for endeleg avgjerd – for å nå tidsfristen.

### 1 Bakgrunnen for revisjonen

Det er vedteke ei rekkje endringar i alkohollova, jfr. Ot.prp.nr. 86 (2003-2004), Innst.O.nr. 19 (2204-2005) og Besl.O.nr. 20 (2004-2005), sjå lov 17.desember 2004 nr. 86 om endringar i lov 2.juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. og einskilde andre lover.

### Lovendringane omfattar følgjande hovudpunkt:

- Endringar knytt til kommunen som løyvemyndigheit. Med det mål å gjere endringar som vil **gi kommunen større fridom til å organisere sitt alkoholpolitiske arbeid** meir effektivt – ut frå lokale forhold – er det vedteke ei rekkje endringar knytt til kommunal styring, saksbehandling og kontroll.
- Endringar knytt til løyvesystemet for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk. Regelverket si **basisinndeling av alkoholhaldig drikk** i typene øl, vin og brennevin er endra til ei inndeling som baserar seg på alkoholinnhald (målt i volumprosent).
- Endringar nytt til **vilkåra for grossistverksemd**. Løyveordninga for import og engrossal av alkoholhaldig drikk er vedteke erstatta av ei registreringsordning i regi av toll- og avgiftsmyndigheitene.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus, Knarvik	56 37 50 00	56 37 50 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005

Arbeids- og sosialdepartementet  
 Vedlegg  
 S.nr. 200500983-67

- Endringar knytt til rammevilkåra for AS Vinmonopolets verksemd.

**Ei rekke av dei vedtekne endringane i alkohollova medfører behov for tilsvarande endringar i forskriftsverket. Dette betyr at einskilde av forslaga i høyringsnotatet her er av reint teknisk art.** I Ot.prp.nr. 86 (2003-2004) vart det varsla at departementet etter behandlinga av odelstingsproposisjonen i Stortinget, ville kome attende med eit framlegg til forskriftsrevisjon – for å komplettere einskilde av dei systematiske endringane som vart tilrådd.

I ovannemnde odelstingsprop. varsla departementet vidare at ein i forskriftsrevisjonen også ville kome attende til ei rekkje andre spørsmål knytt til utforminga av forskriftene til alkohollova: departementet rår difor også ei **rekkje endringar – som ikkje er knytt opp med dei vedtekne endringane i alkohollova.**

**Dei vedtekne endringane i alkohollova er ikkje trådt i kraft. Etter departementet si meining er det tenleg at endringane i lova og forskriftene trer i kraft samsstundes.**

## 2 Høyringsnotatet sitt hovudinnhald

### 2.1 Kontrollsystemet for kommunale løyvingar

Fleire av dagens bestemmelser er tilrådd endra. Endringane vil m.a. vere med på å gi **kommunane større fleksibilitet ved organiseringa og utøvinga av kontrollen.**

Ønsket om å forenkle statleg regelverk retta mot kommunesektoren – utan samstundes å ta frå kommunen viktige politiske styringsreiskap – gjer at departementet tilrår at forskriftsheimelen i alkohollova § 1-9 skulle bli endra, slik at den ikkje lenger skulle omfatte høve til å gi forskrifter om oppretting av kontrollutval og organisering elles av kontrollen med sals- og skjenkestadene.

Dei av forskrifta sine bestemmelser som regulerar plikten til kontrollutval og organisering av dette, må bli opphevd. Opphevinga av heimelen til å gi forskrift om kontrollutval inneber at forskrifta § 10-1 om plikt til å ha kontrollutval m.v. og § 10-3 om kontrollutvalet si oppnemning, storleik og funksjonstid må bli opphevd. Vidare må overskrifta til alkoholforskrifta kap.10 bli endra. I dag lyde overskrifta ”Kommunale kontrollutval.” Departementet rår til at tittelen blir endra til ”Kommunal kontroll med sal og skjenking.” **Framleis vil det vere heimel til å gi forskrifter om sal og skjenking og om utøving av kontrollen.**

§ 10-2 bokstav b er ein generell bestemmelse som slår fast at kontrollutvalet har ansvar for kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve og nokre statlege skjenkeløyve.

Bestemmelsen blir å behalde – men slik at **kommunen og ikkje kontrollutvalet er pliktsubjektet.**

§ 10-5 slår fast at sjølve kontrollen av skjenkestadene skal bli gjort av engasjerte kontrollørar. Bakgrunnen for regelen var å slå fast at kontrollutvalet ikkje sjølv skulle utføre kontrollane. Bestemmelsen kunne framleis hatt relevans i dei tilfelle der kommunen besluttar å oppretthalde ordning med kontrollutval. Men i og med at det er avgjort ikkje å leggje føringar på kommunens organisering av kontrollen, blir bestemmelsen tilrådd oppheva.

---

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus, Knarvik	56 37 50 00	56 37 50 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005

Departementet meiner at det vil vere tenleg at det i forskrifta framleis blir gjort ei **opplisting av bestemmelser som kommunen særleg skal fokusere på**. Ei opplisting gir signal om kva bestemmelser som er i kjerneområdet i føremålet til alkohollova: å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle saker som alkoholbruk kan innebere.

**Departementet meiner at at sals- og skjenketider aldersgrensebestemmelsene og forbodet mot å skjenke til openberr rusa personar er bestemmelser som rettar seg mot kjerneområdet i føremålet til alkohollova.** Og at desse bestemmelsene framleis bør bli omfatta av opplistinga. **Begrepet "openberr rusa" blir tilrådd endra til "openberr påvirka".**

Departementet rår vidare til å utvide bestemmelsen med at kommunen – i tillegg – skal gjere konkrete vurderingar av kva forhold kontrollen bør fokusere på til ei kvar tid.

Etter alkoholforskriften § 10-9 skal sals- og skjenkestadene bli kontrollert så ofte som behovet tilseier – men minst 3 gonger årleg. **Departementet ser behovet for at forskriftsbestemmelsene om minste tal kontrollar blir gjort meir fleksibelt:** Som i dag skal kommunane ha plikt til å kontrollere sals- og skjenkestadene så ofte som behovet tilseier. Bestemmelsen om at dette skal skje minst tre gonger årleg på kvar stad, blir erstatta med ein regel om at **kvar stad alltid skal bli kontrollert minst ein gong pr. år** – og at **kommunen minst skal utføre tre gonger så mange kontroller som dei har sals- og skjenkestader..** **Føremålet med framlegget til endring er å leggje til rette for sterkare målretting av kontroller** – ut frå samla krav til kontrollvolum. Framlegget må sjåast i samheng med innføring av **internkontroll**. Kontroll som fokuserar på gjennomgang av interkontrollsystema til stadene, vil kunne gi gode indikasjonar på om det på staden er behov for hyppige kontrollar eller ikkje.

Elles blir "kontrollutvalet" erstatta med "kommunen" – som pliktsubjekt.

Bestemmelsene i § 10-7 første og annet ledd fastslår at kontrollen kan skje opent eller anonymt, men at kontrolløren – etter utført kontroll- skal presentere seg for ansvarshavande på staden – og munnleg gjere greie for sitt inntrykk av staden. På den eine sida kan det bli hevda at løyvehavars rettstryggleik ikkje blir ivareteke godt nok ved dagens regel. På den annen side kan det bli hevda at omsynet til ein effektiv kontroll tilseier at kontroll har behov for å arbeide utan å måtte legitimere seg, alternativt legitimere seg etter at kontrollen er avslutta. Departementet har vurdert ulike måter å gjere bestemmelsen meir fleksibel på. Departementet har vanskeleg for å sjå at bestemmelsen kan bli meir fleksibel basert på utgangspunktet om at kontrollen kan skje anonymt. Alternativet ville vere å endre bestemmelsen slik at kontrollen alltid skal skje opent – med ei tilhøyrande **plikt for kontrollørane til å legitimere sege** innan kontrollen tek til. Ein slik bestemmelse vil ivareta løyvehavars behov. Spørsmålet er i kva grad den vil ivareta omsynet til ein effektiv kontroll. Departementet vil gjerne ha høyringsinstansane sitt syn på denne regelen.

Det blir tilrådd å oppretthalde bestemmelsen om at kontrollørane snarast råd – og innan ei veke – skal sende skriftleg rapport til sals- eller skjenkestaden – med høve for løyvehavar til å kome med sine synspunkt innan 2 veker. Det blir bede om høyringsinstansane sitt syn på dagens **tidsfrister**.

Bestemmelsen om at rapportane skal bli sendt kommunestyret er knytt til dagens regulering av kommunens organisering av kontrollen og eksistensen av kontrollutvalet. **Departementet rår å erstatte denne regelen med ein regel om at alle rapportar skal bli sendt løyvemyndigheita**

Departementet rår i utgangspunktet å oppretthalde regelen om at rapportane skal bli sendt via sosialtenesta og at sals- og skjenkestadens uttale til rapporten skal følgje med.

**Departementet bed om at kommunane gir uttrykk for kva erfaringar dei har med at**

---

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus, Knarvik	56 37 50 00	56 37 50 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005

**rapportane skal bli sendte via sosialtenesta – og kva som er deira syn på behovet for ein slik regel.**

I Ot.prop.nr.86 vart det tilrådd eit nytt tredje ledd i alkoholova § 1-9 som gir uttrykkeleg **heimel for løyvemyndigheita til å krevje tilgang til verksemda sine lokale og rekneskaper – samt til å krevje utlevering av av vareprøver.** Departementet forutset at den nye bestemmelsen blir brukt unntaksvis – jfr.det forhold at avdekking av mislegheiter i forhold til skatte- og avgiftsregelverket høyrer inn under skatte- og avgiftsmyndigheitene sitt område. Departementet vil presisere at heimelen berre skal bli brukt av løyvemyndigheita ved behov – og berre for å belyse spørsmål knytt til om verksemda blir drive i samsvar med alkoholova sine bestemmelser.

Sosial- og helsedirektoratet har rådd til at det i forskrifta blir teke inn ein bestemmelse som avgrensar løyvemyndigheita sin rett til innsyn i børsnoterte selskap sitt rekneskap – som ikkje er offentlege. På den måten kan ein få innsyn i børs sensitiv informasjon, som kan utgjere innsideinformasjon ette verdipapirhandellova § 2-1. Direktoratet antek at kommunane ikkje har noko spesielt stort behov for innsyn i rekneskap for børsnoterte selskap som ikkje er offentleggjort.

Med heimel i alkoholova § 1-9 rår departementet til at det blir innført forskriftsfesta krav om at **den einskilde sals- og skjenkestad skal ha eit internt kontrollsystem.** Kravet inneber at løyvehavar systematisk skal kontrollere at dei krav til verksemda som er fastsett i eller i medhald av lova – herunder i løyvet, blir overhalde. Internkontrollsystemet operasjonaliserar gjeldande krav. **Eit internt kontrollsystem i verksemda vil lette kommunens kontrolloppgåver – og gjere tilsynet meir effektivt.** Departementet rår til at plikten til internkontroll skal bli knytt til alle sals- og skjenkeløyve – med **unnatak av ambulerande skjenkeløyve.** Ambulerande løyve blir gitt for eit einskild høve og dei blir berre gitt for skjenking i slutta selskap.

**Departementet rår til at følgjande krav blir stilt til kva verksemdene sine internkontrollsystem skal innehalde:**

- Den/dei ansvarleg for verksemda skal ha oversikt over krav i løyvet, alkoholova og bestemmelser fastsett i medhald av alkoholova som gjeld for verksemda.
- Den/dei ansvarlege for verksemda skal sørge for at tilsette i verksemda har tilstrekkelege kunnskapar og kompetanse til å overhalde krava til verksemda – herunder kravet til internkontroll.
- Den/dei ansvarlege for verksemda skal ha oversikt over korleis verksemda er organisert og korleis oppgåver og ansvar er fordelt.
- Den/dei ansvarlege for verksemda skal ha rutinar for å sikre overhalding av krav i løyvet, alkoholova og bestemmelser fastsett i medhald av alkoholova som gjeld for verksemda
- Den/dei ansvarlege for verksemda skal ha rutinar for å førebyggje, avdekke og rette opp avvik.
- Den/dei ansvarlege for verksemda skal systematisk og regelmessig gjennomgå internkontrollen.

Det blir foreslått at **internkontrollen** skal bli **dokumentert** i den form og i det omfang som er naudsynt – på bakgrunn av verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Dokumentasjonen skal til ei kvar tid vere oppdatert og tilgjengeleg for kontrollmyndigheita. Plikten omfattar at rutine faktisk blir følgd.

Vidare blir det tilrådd å ta inn eit nytt kapittel 10A i alkoholforskriften – som fastset krav om internkontroll for innehavarar av sals- og skjenkeløyve.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus, Knarvik	56 37 50 00	56 37 50 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

**Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005**

## **2.2 Forskriftsendringar i alkohollova sitt system for kategorisering av alkoholhaldig drikk**

Etter det nye systemet blir alkohol blir **alkoholhaldig drikk inndelt etter alkoholstyrke** – mot tidlegare alkoholtypene øl, vin og brennevin

Prinsippet er allereie gjennomført når det gjeld drikk som inneheld mindre enn 4.76 volumprosent alkohol. Prinsippet blir utvida til å gjelde drikker som inneheld over 4.75 volumprosent alkohol.

**Einskilde unnatak frå prinsippet blir oppretthalde. Det viktigaste er at definisjonen på brennevin blir oppretthalden.** Definisjonen skal framleis ha betydning m.a. for beskrivinga av kva typer alkoholhaldig drikk eit tilvirkningsløyve kan innehalde og for forbodet mot heimeproduksjon.

Departementet rår til at det blir gjort gjennomgåande endringar i alkoholforskrifta for å gjennomføre prinsippet om inndeling av alkoholhaldig drikk etter alkohollova.

Gjennomføringa skjer etter dei same prinsipp som er lagt til grunn for innføringa av prinsippet i alkohollova, jfr. Ot.prp.nr. 86 (2003-2004).

Alkoholforskrifta kap.5A gjennomfører prinsippet om at vin og brennevinprodukt som inneheld mindre enn 4.76 volumprosent alkohol skal bli likebehandlamed øl som inneheld mindre enn 4.76 volumprosent alkohol. I § 5A-3 annet ledd vart det teke inn ein bestemmelse som berre gjeld for **vin og brennevin (ikkje for øl) som inneheld mindre enn 4.76 volumprosent alkohol. Bestemmelsen slår fast at slike drikker skal bli plassert på ein slik måte på salsstaden at dei ikkje kan bli forveksla med alkoholfri drikk.**

## **2.3 Nivået og regelverket for løyvegebyra for sals- og skjenkeløyve, samt løyvegebyra for tilvirkningsordninga.**

**Justeringar av gebyra blir tilrådde.** Departementet vil rå til at satsene for løyvegebyra ikkje blir auka – utover det ein **indeksregulering** av kommunane sine estimerte samla inntekter via løyvegebyra vil medføre.

Gjeldande satsar:

- Sal av øl: 16 øre pr. liter
- Skjenking av øl: 31 øre pr. liter
- Skjenking av vin: 73 øre pr. liter
- Skjenking av brennevin: 271 øre pr.liter

---

Postadresse Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Besøksadresse Lindås rådhus, Knarvik	Telefon 56 37 50 00	Telefaks 56 37 50 01	Konto 7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

**Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005**

Ei indeksregulering (i forhold til dei ovannemnde satser – fastsett i 1998) av satsane vil innebere følgjande nye satsar:

- Sal av drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol: 16 øre pr.liter
- Skjenking av drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol: 31 øre pr. liter
- Skjenking av drikk som inneheld over 4.7 og under 22 volumprosent alkohol: 85 øre pr. liter
- Skjenking av drikk som inneheld 22 volumprosent alkohol eller meir: 279 øre pr. liter.

Departementet vil tilrå at det i forskrifta ikkje blir lagt føringar på når løyvegebyret skal bli justert – men at dette spørsmålet – som i dag – blir teke opp ved behov.

Departementet rår til auke av **minstegebyr** pr. år for salsløyve til kr. 1.200 (mot kr. 1000 i dag), minstegebyr for skjenkeløyve: kr. 3.500 ( mot kr. 3000 i dag) og gebyr for bruk av ambulerande skjenkeløyve kr. 250 (mot kr. 200 i dag).

Det blir tilrådd å oppretthalde bestemmelsen om at løyvemyndigheita i særlege tilfelle kan sette ned minstegebyret for sals- og skjenkeløyve.

## 2.4 Oppheving av forskrifter som knyt seg til løyveordninga for grossistar

Løyveordninga er vedteke opphevd. Retten til engrossal skal i staden knyte seg til registrering hos toll- og avgiftsetaten etter særavgiftsregelverket. Det blir tilrådd endringar i særavgiftsforskrifta og engrossforskrifta for å gjennomføre dette.

## 2.5 Nytt register over alle løyvehavarar og grossister

**Forskrifter om oppretting av nytt register for alle løyvehavarar og grossister blir tilrådd.** Det allereie eksisterande saksbehandlingsregisteret for engros- og tilvirkningsløyver blir vidareført for tilvirkarar.

I samsvar med forslag i Ot.prp.nr. 86 (2003-2004) har Stortinget vedteke at det skal bli oppretta **eit sentralt register med opplysningar om innehavarar av løyve etter alkohollova** og over dei som kan drive engrossal. Den nye registerheimelen i § 1-14 er utvida til også å gjelde for sals- og skjenkeløyve. **Det har vist seg problematisk for leverandørane å halde seg orientert om kunden har gyldig løyve eller ikkje** – og det kan vere svært ressurs- og tidkrevjande å vende seg til kvar einskild kommune – med førespurnad om status for den einskilde løyvehavar.

## 2.6 Forskrifter knytt til alkoholreklameforbodet

Presisering av forskriftsbestemmelser knytt til alkoholreklameforbodet blir tilrådd. Det blir tilrådd å presisere at forskrifta ikkje inneheld noko unnatak frå forbodet i alkohollova mot reklame for andre varer med same merke eller kjenneteikn som alkoholhaldig drikk. I tillegg blir Høgsterett si tolkning av høve til å bruke logo og sponning innarbeidd.

Utgangspunktet etter alk.lova § 9-2 første ledd første punktum, jfr. også alkoholforskrifta § 9-1 første ledd første punktum, er at reklame for alkoholhaldig drikk er forbode – mens reklame for produkt med lågare alkoholinnhald enn 2.5 volumprosent er tillete. Forbodet omfattar både direkte og indirekte reklame for alkoholhaldig drikk.

---

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus, Knarvik	56 37 50 00	56 37 50 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005

Høgsterett slo i dommen teke inn i Rt.2000 s. 46 at forbodet i alk.lova § 9-2 første punktum etter sin ordlyd omfattar reklame i form av ølproducenters logo som er trykt på fotballdrakter. Høgsterett uttalar at ordlyden ikkje gir haldepunkt for at reklame som ikke berre er alkoholreklame, men t.d. også reklame for mineralvann og bedriften som sådan, går klar av forbodet.

Departementet meiner at Høgsterett sin uttale om bruk av logo må bli oppfatta som eit alminneleg prinsipp om at all massekommunikasjon av logo/varemerke i markedsøyemed blir ramma av forbodet.

## 2.7 Innhaldet i den kommunale alkoholpolitiske handlingsplanen

Behovet for å utarbeide forskrifter om innhaldet i den kommunale alkoholpolitiske handlingsplanen blir drøfta. **Departementet vil ikkje tilrå slike forskrifter no.**

Dette betyr ikkje at forholda bør leggjast til til rette for at kommunane lagar alkoholpolitiske planar og for at desse har eit tilfredsstillande innhald.

## 2.8 Kva mengder brennevin kan bli skjenka i

Det blir tilrådd å endre gjeldande bestemmelse om kva mengder brennevin kan bli skjenka i – herunder bestemmelse om unntak for sokalla ”cocktails”

Av alkoholforskrifta § 1-9 går det fram at ”Brennevin må bare skjenkes i mengder a 2 og 4 cl. Dette gjelder ikke for servering av cocktails”.

**Begrepet ”brennevin” i denne bestemmelsen blir erstatta med begrepet ”drikk som inneheld 22 volumprosent alkohol eller mer.”**

Brennevin som blir blanda med alkoholsvakare eller alkoholfri drikke før servering, er gjennomgåande noko svakare enn brennevin som blir servert ublanda – men kan likevel vere relativt sterk. I tillegg har forbrukeren behov for å vite kor mykje alkohol det i slike drikker. Dette både av alkoholpolitiske (kor mykje alkohol får eg i meg no) og forbrukarpolitiske (kva betalar eg for) grunner.

På denne bakgrunn mener departemente at det er behov for å oppretthalde bestemmelser om kor mykje det maksimalt kan bli skjenka av alkoholsterke produkt – enten dei blir servert ublanda – eller blir blanda med alkoholsvake/alkoholfri drikke før dei blir servert.

Begrepet ”cocktails” har likkje noko eintydig innhald. Men departementet meiner at det kan vere behov for ein unntaksbestemmelse for å imøtekome behovet for å kunne komponere og servere drikker som inneheld blandingar av ulike alkoholsterke drikker. Departementet meiner at ein øvre grense på 6 cl alkoholsterk drikk vil imøtekome dei behov for eksisterar. På denne bakgrunn rår departementet at § 1-9 i alkoholforskrifta skal lyde:

”Drikk som inneholder en eller to alkoholsterke komponenter, kan inneholde enten 2 eller 4 cl slik alkoholholdig drikk. Drikk som inneholder tre eller flere alkoholsterke komponenter, kan inneholde opp til 6 cl slik alkoholholdig drikk. Med alkoholsterke komponenter menes i denne bestemmelsen drikk som

---

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus, Knavik	56 37 50 00	56 37 50 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005

inneholder 22 volumprosent alkohol eller mer. Til samme person kan det av gangen bare skjenkes en drikk som omfattes av første ledd.”

Forslaget inneber at alkoholsterk drikk kan skjenkes i 2 cl eller 4 cl. I tillegg kjem evt. blandevatn. Dersom ein drikk inneheld to typer slik alkoholsterk drikk, må den totale mengde av desse to komponentane enten vere 2 eller 4 cl. Drikker som inneheld tre eller fleire alkoholsterke komponentar, kan innehalde opptil 6 cl total mengde av desse drikkene – evt. pluss blandevatn.

Utkastet til bestemmelse skal ein forstå på den måte at ein person ikkje kan bli servert meir enn ein drikk som går inn under reglene i § 1-9 av gangen. Ved vurdering av om ein drikk kan bli skjenka til vedkomande må sjølvstilt forskriftsbestemmelser om forsvarleg skjenking bli teke omsyn til.

## **2.9 Plikt for løyveharar til å sørge for at personar som er openberr påverka av rusmidlar forlet skjenkestaden**

Det blir tilrådd å gi ein uttrykkeleg bestemmelse om dette.

På bakgrunn av dei henvendinger departementet har motteke knytt til spørsmålet om skjenkestadens plikt til å sørge for at openberr påverka personar forlet staden, rår departementet å eksplisitt forskriftsfeste denneplikten:

”Dersom en person som er åpenbart påvirket av rusmidler befinner seg på på skjenkestedet, har bevillingshaver plikt til å sørge for at vedkommende forlater stedet.”

## **2.10 Oppdatering av alkoholforskrifta sine reglar om unnatak frå aldersbestemmelsene for servering og sal i opplærings situasjonar**

Oppdateringa skal sikre at bestemmelsene samsvarar med begrepa i opplæringslova av 1998.

## **2.11 Tekniske endringar i forskriftene – som følgje av dei vedtekte endringane i alkohollova.**

Ei rekkje slike endringar blir tilrådd:

- Erstatte begrepet ”åpenbart beruset” med ”åpenbart påvirket”. Bakgrunnen for endringa er å sikre at alkohollov heimlar forbodet mot å selje eller skjenke alkohol til personar som openberr er påverka av rusmidlar – uavhengig av kva rusmiddel det er snakk om.
- Overgang til ein-desimal volumprosentgrense. Det er vedteke å endre alkohollova slik at volumprosent alkohol skal vere angitt med ein desimal – mot tidlegare to. Bakgrunnen forendringa er at det ikkje er mogeleg å måle meir nøyaktig enn +/- 0.1.
- Endringar i alkohollova – endringar i alkoholforskrifta sitt heimelsgrunnlag.
- Endring av A/S Vinmonopolet til AS Vinmonopolet

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus, Knarvik	56 37 50 00	56 37 50 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005



- Endringar i forskriftenes henvisningar – som følgje av oppheving av bestemmelser i alkohollova.
- Økonomiske og administrative konsekvensar. Forslaga til endringar i forskrifta til alkohollova er i det vesentlege ei oppfølging av dei endringane som nyleg er vedtekne i alkohollova.

## **2.12 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Forslaga sine økonomiske og adm.konsekvensar blir gjennomgått. Forslaga er i hovudsak ei oppfølging av dei endringar som nyleg er vedtekne i alkohollova.

### **Vurdering:**

Forslaga til endringar i alkoholforskrifta er i hovudsak ei oppfølging av dei endringane som nyleg er vedtekne i alkohollova. Dete betyr at enkelte av forslaga i høyringsnotatet er av reint teknisk karakter.

Departementet rår også til ei rekkje endringar i forskriftsverket – som ikkje er knytt til dei vedtekne endringane i alkohollova.

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Lindås kommune har følgjande merknader til høyringsnotatet om Forslag om endringar i alkohollovens forskrifter m.v. frå Arbeids- og sosialdepartementet – 1.mars05:

- Løyvegebyra ved sal og skjenking bør aukast meir enn den indeksregulering som departementet tilrår. Sidan 1998 har kommunane fått meir å gjere som løyve- og kontrollmyndigheit.

### **Handsaming i Formannskapet - 28.04.05:**

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **Vedtak i Formannskapet - 28.04.05:**

Lindås kommune har følgjande merknader til høyringsnotatet om Forslag om endringar i alkohollovens forskrifter m.v. frå Arbeids- og sosialdepartementet – 1.mars05:

- Løyvegebyra ved sal og skjenking bør aukast meir enn den indeksregulering som departementet tilrår. Sidan 1998 har kommunane fått meir å gjere som løyve- og kontrollmyndigheit.

----- Slutt på behandling -----

Postadresse Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Besøksadresse Lindås rådhus, Knarvik	Telefon 56 37 50 00	Telefaks 56 37 50 01	Konto 7413 05 01005  Organisasjonsnr. 935 084 733
--	---	------------------------	-------------------------	---

Vi gjer merksam på at kommunen har fått nye telefonnummer frå 18.april 2005